



Møteprotokoll

Utval: Partssamansett utval Nye Øygarden kommune
Stad: Skjenet 2, møterom i andre etasje
Dato: 02.10.2018
Tid: 09:00 - 10:15

Medlemer som møtte:

Børge Haugetun	Leiar	TVØ
Marianne Sandahl Bjorøy	Nestleiar	AP
Kari-Anne Landro	Nestleiar	H
Tom Georg Indrevik	Medlem	H
Silvia Haugland	Medlem	Uavhengig
Espen Harketstad	Medlem	AP
Nils Kåre Skoge	Medlem	H
Jogeir Sognnæs	Medlem	AP
Nina Zandstra	Medlem	Utdanningsforbundet
Bodil Aleksandersen	Medlem	Fagforbundet
Cathrine Olsen	Medlem	Utdanningsforbundet
Hildegunn Høyland	Medlem	Fagforbundet
Vibecke Hodnekvam	Medlem	Utdanningsforbundet
Solveig D Rong	Medlem	Fagforbundet

Forfall:

Anita Garlid Johannessen	MEDL	FRP
--------------------------	------	-----

Varamedlemer som møtte:

Svein Petter Bergh	for Anita Garlid Johannessen	SL
--------------------	------------------------------	----

Andre:

Prosjektrådmann Rune Lid, informasjonsrådgjevar Vignleik Brekke, møtesekretær Unni Rygg.

Leiar Børge Haugetun

underskrifter

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald
PS 15/18	Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok
PS 16/18	Referatsaker og orienteringar

PS 15/18 Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok

Handsama i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 02.10.2018:

Innkalling, saksliste og protokoll frå førre møte (12.06.2018) vart godkjente utan merknader.

Vedtak i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 02.10.2018:

Innkalling, saksliste og protokoll frå førre møte vert godkjente.

PS 16/18 Referatsaker og orienteringar

Handsama i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 02.10.2018:

Det var ingen skriv og meldingar til møtet.

Orientering om administrativ prosjektorganisering – status og framdrift v/ prosjektrådmann Rune Lid:

Lid informerte om status på prosjektet, og skisserte opp etablerte grupper som prosjektrådmann, prosjektstab, rådmannsgruppe, overordna styringsgruppe, prosjektstøtte og dei ulike administrative delprosjekta med prosjektleiarar. Lid understreka at den administrative organiseringa av prosjektet vil vere dynamisk, men at den overordna styringsgruppa alltid skal orienterast om status og eventuelle endringar i delprosjekta slik at Lid igjen har eit grunnlag for å informere fellesnemnda. Ei slik linjeorganisering vil sikre tilliten til prosjektstyringa. Prosjektrådmannen har utarbeidd utkast til styringsdokument, og etter gjennomgang i overordna styringsgruppe vil fellesnemnda få styringsdokumentet på saklista til møtet 15.oktober. Fleire av dei hovudtillitsvalte etterlyste medverknad hos tillitsvalte, og Lid kunne vise til projektskissa der dei tillitsvalte er tekne med i alle delprosjektgruppene og i overordna styringsgruppe for prosjektet. Det kom også innspel om å utarbeide ein lik strategi for kommunane for å sikre reell medverknad frå tillitsvalte. Lid la vekt på at nøkkelen til etablering av ny kommune frå 1.1.2020 vil vere å nedprioritere det som skal gjerast i eigen organisasjon, fram til den tid, og at leiarar / hovudtillitsvalte har ansvar for å formidle det ut i organisasjonen og delegere ansvar for å sikre «forsvarleg drift». *Leiar av partssamansett utval, Børge Haugetun, takka prosjektrådmannen for ein god presentasjon, og informerte om at presentasjonen vert sendt til utvalet etter møtet.*

Saka vart deretter teken til orientering.

Vedtak i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 02.10.2018:

Saka vert teken til orientering.